
Saksnr: 2020/39055-16
Saksbehandlar: Kate Benedicte Madsen
Dato: 17.03.2021

Til: ORO-REKNESKAP V/Vidar Kloster

Frå: Eigedom

Rekneskapsavslutting prosjekt nr 00010 - bussanlegg Sunnhordland

Samla løyving ved byggestart: 125 000 000 Sak PS 12/16 - møtedato 08.03.2016

Budsjett byggestart	inkl mva: 125 000 000,-	eks mva: 100 000 000,-
Rekneskap	inkl mva: 98 735 986,-	eks mva: 98 566 191,-

Mindreforbruk eks mva i 1,43 %

Kommentar til prosjektet

Bussanlegg i Sunnhordland vart ferdig stilt sumaren 2017, og tatt i bruk av bussoperatør hausten 2017. Prosjektet inkluderer både bussanlegg på Stord og Bømlo

Bussanlegg på Stord har kapasitet til 34 bussar. Verkstaden har kapasitet til ein god del fleire bussar, då verkstaden også skal betene bussane på Bømlo og Sveio. I tillegg har verkstaden kapasitet for seinare auka behov. Tomta har derimot ikkje plass til meir enn 34 oppstillingsplassar for bussar. Det vart difor i avslutning av prosjektet erverva eit tilleggsareal som gjer det mogleg å utvide antal buss oppstillingsplassar i framtida. Dette tilleggs arealet vart erverva innanfor prosjektets budsjett, utan tilleggsøyvingar.

Bussanlegg på Bømlo er eit satellitt anlegg med sjåførfasilitetar og vaskehall, men utan verkstad. Bussanlegget på Bømlo har kapasitet til 17 bussar.

I fylgje byggjeløyve og Teknisk forskrift vart det krav om 60% fornybar energi for bussanlegget på Stord. Dette ble løyst ved gjennom ein avtale med ein ekstern leverandør som bygde og driftar eit bio brenselanlegg på staden.

Prosjektet i Sunnhordland vart gjennomført med eit mindreforbruk på 1,43%. Regnskap inklusiv mva. er vesentleg under budsjett, men det skyldast at det var budsjettert med mva kompensasjon, mens prosjektet hadde mva frådragsrett. Forskjellen blir at for mva kompensasjon, så vil mva bli betalt i prosjektet, men refundert til fylkeskassen. Ved mva frådragsrett, så blir prosjektet godskrive direkte.

Jostein Fjærestad

Kate B. Madsen

Vedlegg:
Regnskaps status visma
Sak PS 12/16 - møtedato datert 08.03.